

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
036/19	Kommunestyret	PS	20.06.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-000	18/653

Den administrative organiseringa 2019

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek orienteringa til vitande. I rådmannen sitt vidare arbeid med saka bør formannskapet haldast orientert.

Kommunestyret - 036/19 - 20.06.2019

KS - behandling:

Ole Georg Hoaas frå Bedre Organisasjon la fram ein plan over ny administrativ organisering i Austrheim kommune. (Sjå presentasjonen som ligg ved)

Hoaas innleia med at er kjekt at rapporten «Frå krise til utvikling...», som dei laga tidlegare, vert nytta sjølv om den er streng i konklusjonane. Tilsette har ikkje gått i forsvarsposisjon, men brukta konklusjonane offensivt for å komma over kneika.

Når det gjeld organisasjonskartet som er sett opp er ikkje dette endeleg, det er avhengig av at ein får dei rette personane inn i stillingane. Hoaas presiserte at der det står personal- og organisasjonssjef, skal tittelen vera økonomi- og personalsjef.

Varaordførar Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at ho var imponert over det ein har fått til, og at det var bra at det har vore involvert tillitsvalde på denne måten. Erfaringa hennar frå Radøy kommune er at innføringa av kommunalsjefar frå 2012 har gjort at dei har klart seg økonomisk, og klart å bygga opp igjen Radøy som ein solid kommune.

Hege Ramsland (H) sa at det her var lagt fram som ei sak det var semje om i organisasjonen, men at ho var kontakta av tilsette som er bekymra for omorganiseringa. Ramsland spurte om kva som er signaleffekten når ein har fjerna atten stillingar, og så skal oppretta tre-fire nye kommunalsjefstillingar

Ivar Bergsvik (Ap) spurte om denne organiseringa vil verta ei dyrare enn dagens.

Ole Georg Hoaas svara det er stillingar her som er endra og der det er vakansar, men at ein kanskje må flytta ressursar for å få på plass desse kommunalsjefstillingane.

Olav Mongstad la til at ein i dag har ei stilling som assisterande rådmann som går ut, og at det er ei vakant stilling etter at Helge Dyrkolbotn har slutta. Når ein tek eit reelt reknestykke er det ikkje mykje

som skal til.

Ole Georg Hoaas sa at ein må ha ein kommunalsjef som er tett på sitt område, som kan skapa fellesskap i området, og vera tett på det operative og fagmiljøa der dei jobbar, samstundes som vedkommande må ha kompetanse til å gjera analyse. Som døme må kommunalsjefen innan helse/omsorg vera tett på turnusplanlegging, inntak til tenester (få riktige vedtak) med meir.

Reidar Øksnes (Sp) sa at det er det er positivt for Austrheim å vera ein småkommune, der det er lettare å ha oversikt. Øksnes sa at det er viktig med openheit. Han la til at han framleis ønskjer seg tilbake til utvalsmodellen for den politiske organiseringa.

Rådmann Liv Løvvik sa at ho var imponert over viljen i organisasjonen til endring og refleksjon. Slik ho ser det, som kjem frå utsida, så er det tydeleg at der er felt som er feilplasserte.

Utvikling skjer i dag ad hoc i deler av organisasjonen, og den delen som driv mest utvikling er pleie og omsorg. Det er samstundes den delen av organisasjonen som er strammast organisert, og driv til best pris. Austrheim brukar 70 prosent av kostnadene på folk (løn), og må utvikla desse, klarer ikkje å nå måla som er settet utan å utvikla dei tilsette.

Løvvik sa vidare at dersom komplekse team skal fungera, så må ein ha ein leiar som kan seia at «no er det godt nok utgreidd».

Framover er det omsorg mot livets slutt og helseutfordringar i livets løp (herunder vatn) som vert dei store utfordringane. Her må ein nokon som «eig» det strategiske ansvaret, leiing er ein føresetnad, og rådmannen har ikkje kapasitet til å driva dette aleine. Historisk har det vist seg at Austrheim ikkje har hatt leiarkapasitet innan barnevern og PPT, det har gitt store kostnader etter at ein ikkje har klart å finna gode løysingar lokalt.

Asbjørn Brandtun (Ap) spurte kva rolle kommunestyret har opp i dette. Det er rådmannen som har dette er delegasjon, men KS er vel arbeidsgjevar og løyver pengar? Brandtun spurte også kva to personar som er på veg ut på leiarnivå, slik det var signalisert.

Per Lerøy (Ap) svara at både økonomisjef Olav Birger Andersen og konstituert rådmann Olav Mongstad har signalisert at dei etter kvart ønskjer å gå av med pensjon.

Rådmann Liv Løvvik presiserte at dette vert teke opp for at organiseringa skal ha forankring politisk. For tilsettingar er det ikkje eit spørsmål for kommunestyret, det er berre rådmannen som er tilsett av kommunestyret.

Asbjørn Brandtun (Ap) spurte korleis nye stillingar skal finansierast.

Per Lerøy (Ap) svara at det ikkje er nye stillingar, men organisasjonsendringar, rådmannen har fått ei ramme som skal haldast. Det er gjort oppseiingar i organisasjonen som tilpassingar til det driftsnivået kommunen har, her har ein ikkje vore flinke nok før. No må kommunen organisera seg slik at det er ein raud tråd gjennom organisasjonen, som syter for at ein leverer. Ein skal ha inn gode leiarar, folk som kan samarbeida og som kan tenka strategisk, særleg innan helse (pleie/omsorg) og oppvekst, med tanke på at det er einingar som må levera på både økonomi og resultat/kvalitet.

Reidar Øksnes (Sp) sa at det er viktig med rette folk, som kan sjå over på kvar sine fagfelt for samarbeid.

Per Lerøy (Ap) presisert at dette er ei orientering, som kommunestyret skal ta til vitande. Lerøy la til at det er viktig at kommunestyret vert jamleg orientert vidare.

Olav Mongstad svara at kommunestyret sjølv sagt skal få orienteringar, men at det er formannskapet som jobbar med dette som administrasjonsutval.

Handsaming i kommunestyret:

Samråystes for rådmannens framlegg til vedtak.

KS - vedtak:

Kommunestyret tek orienteringa til vitande. I rådmannen sitt vidare arbeid med saka bør formannskapet haldast orientert.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Etter § 3-6 i delegeringsreglementet for Austrheim, har rådmannen mynde til å avgjere den administrative organiseringa innanfor avdelingane/tenesteeiningane sine nettoramme.

I etterkant av arbeidet Bedre organisasjon har gjort, vart det sett i verk tre prosjekt. Eit gjekk på spesialundervisning, eit på eigedomsforvaltning og det tredje på den administrative organiseringa. Denne siste vart sett ut til Bedre organisasjon. Liv Løvvik og Olav Mongstad har deltatt i arbeidet saman med Ole Georg Hoaas som prosjektleiar. Det er no utarbeidd ein overordna skisse som tar stilling til nivåa i modellen.

Vurdering

Ole Georg Hoaas vil i møtet orientere om modellen.

I det vidare arbeidet med modellen bør formannskapet vere det politiske organ som får orientering og deltar i drøftingane om utforminga vidare.

Konklusjon

Kommunestyret tek orienteringa til vitande. I den vidare utforminga bør formannskapet vere det politiske organ som deltar. Det blir tilslutt dei som skal handsame saka i administrasjonsutvalet.